## Førstehjelpsoppgave 2003.

**Utstyr:**
Stokkar til avstivning

**Tillatte hjelpemidler:**

- Sag
- Øks
- Kniv
- Speidarskjerf
- Kle
- Multiverktøy (f.eks Leatherman)

Patruljemedlemmane er markørar!

**Oppgåvetekst:**
(patrulja vel sjølv kva rekkefølge ein vil ta)

**Oppgåve 1: (40%)**
Troppa til Tårnåsen er på leir og har begynt å lage det største tårnet nokon sinne. Tårnet blir høgt og svaiar ganske bra i vinden. Plutseleg høyrer speidarane at tårnet knakar og ein stor stokk kjem i full fart nedover! Truls blir treft og dett om! Kva gjer vi?

Truls er omtåket og blør mykje frå foten og arma. Etter nærmare undersøkingar finn dykk ut at ei beinpipe stikk ut midt på leggen og at arma har fått seg eit kraftig kutt. I panna har Truls fått ein stor kul.

Vis korrekt førstehjelp, varsling av ulykke, pasientbehandling og to måtar å transportere Truls til vegen på utan båre.

**Oppgåve 2: (10%)**
Patrulje Isbjørn har vært på tur i det kalde nord. Etter ein lang dag ute på ski klagar ein av patruljemedlemmane over at føtene hans er kalde og utan følelse.

Forklar kva patruljeførar Kaldstein skal gjere?

**Oppgåve 3: (10%)**
Nok ein gang har øksa skada ein speidar, no er det vedmeister Kubbe som har fått seg ei stygt kutt i underarma nær handleddet. Blodet spruter ut!

Vis kva patrulja Bjørk gjer no?

**Oppgåve 4: (10%)**
Patrulja Høne er på fotballkamp. Kampen er svært spennande og heimelaget har nettopp scora et mål. Midt oppe i heiinga er det ei jente ved sida av dykk som prøver å få i seg ei pølse. Plutseleg blir ho blå i ansiktet, og ho reisar seg mens ho tar seg til halsen.

Vis korleis patrulja Høne skal løyse denne situasjonen?

**Oppgåve 5: (10%)**
I dag gikk turen til Aurenakken for patrulja Primus. I det patruljeførar Parafin skulle til å tenne opp primusen sa det PANG! Og eit flammehav velta opp. Patruljeførar Parafin fikk seg eit kraftig brannsår på venstre arm og svidde av den nydelige panneluggen sin som patruljemedlem Sara likte så godt.

Forklar kva patruljemedlemmane må gjere no?

**Oppgåve 6: (20%)**
Kva er rett eller galt her?

Påstand

1. Insekt som kjem inn i øyret kan ein prøve å få ut igjen ved å lyse med ei lykt inn i øyret.

2. Ved hovudskade kan pupillane få forskjellig størrelse.

3. Gassbind er mest føremålstenleg til støttebandasje.

4. Får du rusk i auget blir du raskare kvitt rusket om du gnir auget.

5. Trykkbandasje skal stanse blødingar

6. Diabetes er ein kronisk stoffskiftesjukdom som skyldast mangel på, eller nedsett verknad av hormonet insulin

7. Det er aldri fare for sirkulasjonsvikt ved større brot.

8. Ved inntak av etsande veske er det viktig å drikke matolje.

9. BCG-vaksine hjelp mot turberkulose.

10.Ein vaksen mann på 70 kg har 5-6 liter blod.

| | | |
|---|---|---|
| **Oppgåve 1- Brotskade** | | **20** |
| Behandling av beinpipe: | | |
| Smultring | | 2 |
| God bandasje | | 1 |
| Spjelking av bein | | |
| Passe på at spjelken går forbi kneet og ankelen kvar side ( stive av beinet ) | | 2 |
| Gode bindingar, ikkje rett over bruddet. | | 1 |
| Behandling av sår på arm | | |
| Dekke såret | | 1 |
| Bandasjer arm | | 1 |
| Varsling | | |
| 1 - 1 - 3 AMK | | 1 |
| Kven ringer | | 1 |
| Kva har skjedd | | 1 |
| Kvar har skaden funnet stad | | 1 |
| Pass på at meldinga blir korrekt gjentatt | | 1 |
| Pasientbehandling | | |
| Holde pasient varm | | 1 |
| Snakke med å berolige | | 1 |
| Ikkje behandle hardhendt, tenk på hode / nakke -skade | | 1 |
| Løft | | |
| Armbæring | | 2 |
| Tomannsløft | | 2 |
| | | |
| **Oppgåve 2 – Kuldeskade** | | **5** |
| Undersøke om det er overflatisk eller dyp frostskade. Ved dyp frostskade kan ikkje huden beveges i forhold til underlaget. | | 2 |
| Behandling | | |
| Kald hud varmes mot varm hud. (Føtter mot mage for eksempel) | | 1 |
| Fortsett oppvarming til huden har normal farge, følelse og konsistens. | | 1 |
| Ikkje GNI. (Heller ikkje med snø eller is) | | 1 |
| | | |
| **Oppgåve 3 – Kutt i pulsår** | | **5** |
| Stoppe blødninga ved å trykke direkte på såret | | 1 |
| Hev det blødande staden | | 0,5 |
| Trykkbandasje | | 0,5 |
| Hard gjenstand | | 0,5 |
| Legg pasient flatt med beina høyt | | 0,5 |
| Snakke beroligande med pasienten | | 0,5 |
| Ikkje gi drikke | | 0,5 |

| | | |
|---|---|---|
| Varsle AMK ( 1 - 1 - 3 ) | | 1 |
| | | |
| **Oppgåve 4 – Pustebesvær** | | **5** |
| Slå mellom skulderbladene med flat hånd. (5x) | | 2 |
| Hånd mot mage trykk (Heimlich manøver) | | 2 |
| Varsle 1 - 1 - 3 viss ingen effekt | | 1 |
| | | |
| **Oppgåve 5 – Brannskade** | | **5** |
| Kjøl ned med en gang | | 1 |
| Fortsett nedkjøling. (Til det ikkje lenger er smertefullt) | | 1 |
| Ikkje fjerne fastbrente klær | | 1 |
| Lege kontaktes ved sår / blemmer | | 1 |
| Ring 1 - 1 - 3 ved brannskader i ansikt og/eller alvorlig skader | | 1 |
| | | |
| **Oppgåve 6** | | **10** |
| Eit poeng pr riktig svar | | |
| 1. Innsekter som kjem inn i øyret kan ein prøve å få ut igjen ved å lyse med ei lykt inn i øyret. | RIKTIG | 1 |
| 2. Ved hovudskade kan pupillane få forskjellig størrelse. | RIKTIG | 1 |
| 3. Gassbind er mest hensiktsmessig til støttebandasje. | GALT | 1 |
| 4. Får du rusk i auget blir du raskare kvitt rusket om du gnir auget. | GALT | 1 |
| 5. Trykkbandasje skal stanse blødingar | RIKTIG | 1 |
| 6. Diabetes er ein kronisk stoffskiftesjukdom som skyldast mangel på, eller nedsatt verkning av hormonet insulin | RIKTIG | 1 |
| 7. Det er aldri fare for sirkulasjonsvikt ved større brot. | GALT | 1 |
| 8. Ved inntak av etsande veske er det viktig å drikke matolje. | GALT | 1 |
| 9. BCG-vaksine hjelp mot turberkelose. | RIKTIG | 1 |
| 10.Ein vaksen mann på 70 kg har 5-6 liter blod. | RIKTIG | 1 |
| | | |
| **Totalsum** | | **50** |